



Møtebok for Vestre Slidre fjellstyre

Arkiv nr:

Sak nr 16/2014

Møtedato: 16.6.14

Møtestad: Vaset

Saksbehandlar: Harald Ranum

S753, Vaset – søknad om å få overført stølsjorde

Ole Bjørn Før søker om å få overta stølsjordet til S 753 på Vaset. Stølen vart lagt i det fri i sak 38/11 og fjellstyret gjorde følgjande vedtak:

Stølsretten fell etter bort då fjellstyret finn at ein ikkje kan rekne eigedomen Mostad 72/5 som ei jordbruksmessig eining eller jordbruk, jf. § 2 andre ledd i fjellova. Området er ikkje eigna til å vise ut støl til eigedom med behov for støl og fjellstyret tilrår at Ringen kan søkje Statskog SF om feste av tomt for stølshusa til fritidsformål.

Fjellstyret vil ta stilling til utvising av stølsjordet som tilleggsjord til Ole Bjørn Før når ein har motteke søknad om dette.

Ole Bjørn Før har søkt om å få overta stølsjordet som tilleggsjord i brev datert 22.5.14. Før har støl på Kinnhølt og i følgje stølsregisteret er det 35 daa inngjerda. Ole Bjørn Før har brukt stølsjordet til S753 på Vaset sidan 2011.

Kommunen har gjeve følgjande uttale: *Landbruksavdelinga i Vestre Slidre kommune kan bekrefte att Ole Bjørn Før eig og driv garden Hamarsnes 71/1. Han har mjølk- og kjøttproduksjon på garden. Mjølkekvote på 115.000 kg, års kyr 19 stk og 25 storfe. Det vil være til stor nytte for Ole Bjørn å kunne få overta stølsjordet som Petter Andreas Ringen har hatt, når han har leid det i fra 2011 og fram til i dag, det er med i arealgrunnlaget for drifta hans i dag.*

Fjellstyret såg på avgrensing av fritidsfeste under befaring den 16.6.14, men endeleg avgrensing vart ikkje bestemt under befaringa.

Utvising av tilleggsjord blir regulert i § 20 i stølsforskrift: *Jordbrukar med beiterett i statsallmenningen kan anten åleine eller saman med andre beiterettshavarar - få utvist grunn som er skikka til dyrking eller til kulturbeite som tilleggsjord, jf. § 19 første ledd i fjellova. Det er eit vilkår at dei som har beiterett godtgjer behovet for tilleggsjord. Dette kan til dømes gjerast ved å leggje fram ein driftsplan.*

Søknad om utvising av tilleggsjord skal sendast fjellstyret. Fjellstyret skal leggje saka fram for kommunen, Statskog SF og eventuelt allmenningsstyret og områdestyret i reinbeiteområde etter reindriftslova, for fråsegn.

Kommunen handsamar og avgjer søknaden etter gjeldande forskrift om nydyrking i dei tilfelle der søknaden omfattar fulldyrking eller overflatedyrking etter forskrifta. Gjeld søknaden kultivering, og eventuelt inngjerding til beitebruk, skal kommunen gi fråsegn om dei tilhøva som er nemnde i § 5 i forskrifta om nydyrking.

Fjellstyret gjer vedtak om utvising av tilleggsjord til jordbrukar med beiterett. Statskog SF skal ha melding om vedtaket.

Statskog SF avgjer søknader om inngjerding av tilleggsjord etter tilråding frå fjellstyret, jf. § 5 fjerde ledd i forskrifta.

Fjellstyret måler ut setervoll og dyrkingsjord eller kulturbeite som skal visast ut saman med eller leggjast til seter.

Fjellstyret skriv ut eit eige dokument til beiterettshavaren om utvisinga. Fjellstyret skal sende kopi av dette dokumentet til Statskog SF.

§20 i stølsforskrift er berekna på nytt areal som blir teke i bruk. Det gjeld andre reglar for overføring av støl og tilleggsjord og ved overføring er det ikkje krav om same omfattande saksgang som ved nyutvising. § 20 i fjellova: *Seter i statsallmenning kan med samtykkje frå fjellstyret overførast til bruk for ein annan eigedom som har rett til seter i allmenningen. Utvist tilleggsjord kan med samtykke frå departementet overførast til bruk for ein annan eigedom med beiterett i allmenningen.*

Framlegg til vedtak:

Fjellstyret godkjenner at Ole Bjørn Før får vist ut arealet til det gamle stølsvollen til S753 på Vaset som tilleggsjord til Hamarsnes 71/1 med dei grenser som vart bestemt under befaring den 16.6.14.

Vedtak:

Fjellstyret godkjenner at Ole Bjørn Før får vist ut arealet til den gamle stølsvollen til S753 på Vaset som tilleggsjord til Hamarsnes 71/1 med dei grenser som blir bestemt etter befaring den 16.6.14.

I følge §28 i forvaltningsloven kan vedtaket klagast over. Parter har rett til innsyn i saksdokument. Eventuell klage skal sendast Vestre Slidre fjellstyre innan 3 veker frå mottak av dette vedtak.

Vestre Slidre fjellstyre den 19.6.14

Harald Ranum
sekretær

Utskrift: Ole Bjørn Før
Statskog
Vestre Slidre kommune